



# Valle og Hylestad sokneråd

Kyrkjekontoret

Nordibøvegen 141

4747 Valle

Mobil: 97784706

Valle 2021-03-22

[post@valle.kyrkja.no](mailto:post@valle.kyrkja.no)

## MØTEBOK

**Møtedato:** ONSDAG 17. MARS 2021, KL. 17:00-18:50

**Møtestad:** Kommunestyresalen

**Til stade:** Lisbeth D. Homme  
Ellen Jansen  
Bente Bjørgum  
Sissel Åkre  
Knut Olav Uppstad  
Gudrun Sagneskar  
Knut Hagen  
Prost Steinar Floberg fungerte som setteprost  
Advokat Bente Vangdal Espenes var med på teams frå kyrkja sin  
arbeidsgiverorganisasjon (KA)

**Meldt forfall:** Liv Bjørgum Ryningen  
Siri Melhus

Knut Olav Uppstad vart stemt inhabil til å vere med i FR sak 01/21 pga. han er part i saka og han gjekk frå møte.

---

### Førespurnadar:

*Knut Olav Uppstad:*

Valle og Hylestad sokneråd har eit arbeidsutval som består av leiar og nestleiar i soknerådet, samt den geistlege representanten. I tillegg er kyrkjeverje sekretær for arbeidsutvalet.

Arbeidsutval er lovregulert i kyrkjeordninga i paragraf 11 og 16, der det står at soknerådet kan gjeve “...lederen eller et arbeidsutvalg bestående av lederen og minst to av rådets øvrige medlemmer fullmakt til på saklig begrensede områder å treffe avgjørelser som skulle ha vært avgjort av rådet. Avgjørelse som er truffet med slike hjemmel i slike fullmakt, skal refereres i første møte etter at avgjørelsen er truffet.”

I mi tid som medlem av arbeidsutvalet så vart det aldri truffe noko vedtak fordi eg gjekk ut frå at det eksisterte inga fullmakt til å treffe avgjersler, og eg tok heller aldri noko initiativ til å danne slik fullmakt. I referat frå arbeidsutvalsmøte den 12 januar 2021 vart det bestemt å sende lesarinnlegg til Setesdølen og avlyse soknerådsmøte.

Kva for fullmakter er gjeve frå soknerådet til arbeidsutvalet?

*Soknerådsleiaren:*

Arbeidsutvalet treng ikkje fullmakt til at soknerådsleiaren skriv lesarinnlegg i Setesdølen. Det er likevel god skikk å informere resten av soknerådet om det.

*Knut Olav Uppstad:*

Det har også vorte opplyst at arbeidsutvalet har bestemt nye soknerådshonorar og mange ting som vedrører rekneskap.

Kva for fullmakter er gjeve frå Arbeidsutvalet til Soknerådet?

*Soknerådsleiaren:*

Angående honorar så har ikkje arbeidsutvalet gjort noko vedtak om dette. Det vart bestemt på budsjettmøte før jul. I budsjettet ligg det inne at medlemene i arbeidsutvalet skal ha honorar for dei møta dei er med på. Dette gjeld ikkje prest og kyrkjesjef.

Knut Olav Uppstad var ikkje fornøgd med svaret frå soknerådsleiaren og førespurnaden vert tatt med vidare og ein svarer meir utfyllande til neste soknerådsmøte.

**FR sak 01/21:**

Sak unnateke offentlegheit